ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Knut Willie Jacobsen
Garvik
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 19.02.2020 |
| Vår: 20/5312 - 20/9128 | trygve.solberg@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest utviding av flytebrygge - gbnr 123/59 Risa

**Administrativt vedtak. Saknr: 200/20**
**Tiltakshavar:** Lindås Båtforening
**Ansvarleg søkjar:** Knut Willie Jacobsen
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for utviding av eksisterande flytebrygge på gbnr 123/59.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 18.12.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.02.2020.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Risa |
| Tiltak: | Utviding av eksisterande flytebrygge |
| Lengde (utviding) | 20 meter |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5312

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Trygve Solberg |
| Avdelingsleiar | Sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik | 5912 | SEIM |
| Lindås Båtforening | c/o Olav Magnus Steinsland Grønfjellet 3 | 5955 | LINDÅS |